



Charles Jean-Paul Martin De Rooij Lindberg  
Jutulfareet 31  
5142 FYLLINGSDALEN

Referanser:

Dykkar:

Vår: 19/98 - 19/1146

Saksbehandlar:

Inga Lill Holen

inga.lill.holen@meland.kommune.no

Dato:

18.01.2019

## Svar på klage om feieavgift

Viser til klage av 16.01.2019. Ifølgje brevet har du innvendingar mot at du må betale ei årleg feieavgift når feiing ikkje har blitt utført.

Ved ein inkurie har ikkje brann- og feievesenet fått beskjed om at din eigedom gbnr. 27/258 har eit fyringsanlegg. Kommunen beklager dei ulempene det har medført deg at det ikkje har vore blitt utført feiing og tilsyn.

Som følgje av det ovannemnde vil kommunen betale tilbake det beløpet du har betalt for ei teneste du ikkje har fått. Etter det kommunen er opplyst om har du betalt feieavgift sidan du installerte pipe i august 2013. Kommunen vil difor betale tilbake feieavgifta frå 2013 til 2018. Beløpet som leggjast til grunn er i samsvar med det du har innbetalt kvart enkelt år i perioden.

Då di eigedom har eit fyringsanlegg vil di eigedom frå dags dato av bli registrert med ildstad i kommunens eigedomsregister. Brann- og feievesenet vil i framtida sørge for feiing og tilsyn med ditt fyringsanlegg. Når det gjeld hyppigheiten av tenesta er det behovsprøvd, då behovet for feiing for den enkelte bustad varierer, jf. § 17 i forskrift om brannforebygging av 17.12.2015. Herunder har nokre bustader behov for feiing oftare enn andre, avhengig av kvalitet på omnen og kor mykje han er i bruk. Meland kommune legg opp til at alle skal ha feiing og tilsyn minst kvart 6. år. Du vil bli kontakta når feiing og tilsyn er aktuelt for deg.

Med heimel i brann- og eksplosjonsvernloven av 14.06.2002 § 28 tredje ledd har kommunen heimel til å kreve feieavgift til dekning av lovbestemt feiing. Kommunen kan difor krevje feieavgift frå deg frå dags dato av. Feieavgifta vil inngå i dei elles kommunale avgiftene.

Vidare vil Meland understreke at feieavgifta ikkje er knytt til tidspunktet for når den enkelte feiing eller tilsyn vert gjennomført. Derimot er kostnadene rekna ut frå ein gjennomsnittleg årleg pris. Avgifta gjeld følgeleg for kvart år uavhengig når eller om tjenesten finn stad.

---

### Postadresse

postmottak@meland.kommune.no

Postboks 79, 5906 Frekhaug

Besøksadr: Havnevegen 41 A

5918 Frekhaug

### Kontakt

www.meland.kommune.no

Telefon +47 56 17 10 00

Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 98 36413

Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: [www.nordhordlandskart.no](http://www.nordhordlandskart.no)

Vi vil elles gjere deg merksam på at feietenesta i Meland kommune inngår i den felles brannordninga for Lindås og Meland, der Lindås kommune er vertskommune. Meland kommune er berre ansvarleg for fastsetting og innkrevjing av feie- og tilsynsgebyr. Alle spørsmål som gjeld gjennomføring av feiing og tilsyn må difor rettast mot Lindås kommune.

**I samband med tilbakebetalinga ber vi deg om å sende ditt kontonummer til Inga Lill Holen på mail [inga.lill.holen@meland.kommune.no](mailto:inga.lill.holen@meland.kommune.no).** Dersom du har spørsmål ber vi deg om å ta kontakt.

Med helsing

Anny Bastesen  
sektorsjef teknisk

Inga Lill Holen  
juridisk rådgjevar

**Mottakere:**

Charles Jean-Paul Martin De Rooij  
Lindberg

Jutulfareet 31

5142

FYLLINGSDALEN